

Protokoll  
Menighetsrådsmøte i Farsund menighetsråd

**Tid:** Torsdag 24. oktober kl. 19:15

**Sted:** Kirketorget

**Til stades:** Hilde Rullestad, Anders Numme, Berit Velle Andreassen, Randi Lohndal Frestad, Marthe Beate Edvardsen, Henning Huseby Jansen, Elin Spinnangr Lundgaard Salvesen (1. vara), Reidun Akersmyr Syvertsen (2. vara), Heidi Karine Josefine Eilertsen (3. vara).

**Forfall:** Benth Erik Castberg, Gunnar Fossland, Arild Tobiassen, Marit Salvesen, Johannes Maubach og Thor Ullerø

**Protokoll MR 24.10.2024**

**78/24 Referat fra MR 23.09.2024**

**Vedtak:** referatet blei godkjent.

**79/24 Referatsaker**

- AU 07.10.2024

**Vedtak:** referatet blir teke til orientering.

**80/24 Prestens 5 minutter**

Sifa har vore på gospel festival med 25 barn. Dette var ei flott oppleveling.

Det er 24 nye konfirmantar, berre 48 elevar på trinnet. Det har vore bli-kjentkveld og dei tok del i gudstenesta på søndag.

Det blei ein fin kveld med Tiina Klement frå Tallinn på onsdag. Det blir truleg arrangert tur til Tallinn til våren. Det skal bli innsamling og lotteri til inntekt for den nye kyrkja der.

I går var det seminar om misbruk av personar innan kyrkja. Seminaret er eit tverrkyrkjeleg arbeid der Farsund menighet er aktiv medlem. Eit slikt blir det årleg kvar oktober framover. Den som høyrer rykte eller ymt om slikt, må gå vidare med det.

Kommande onsdag, 30. oktober, kjem ein person frå Israelsmisjonen og talar om «Israel – eit utvald og utskjelt folk».

Sela skal på turné med Anne Grete Preus-songar, først til Mandal og seinare truleg til Flekkefjord.

Gudstenesta i Herad 3. november, allehelgensdag, går likevel fordi det har stått i Menighetsbladet og er annonsert i kyrkja.

**81/24 Besøk av prost**

Prost i Lister og Mandal prosti, Geir Olav Tveit har ønskt å vitje FMR.

Prosten roste dei som stiller seg til rådvelle for kyrkja. Det er ein styrke for kyrkja at det er ein demokratisk kontroll.

Det blir truleg bispevisitas i løpet av 2025

Rekneskapen for bispedømmet synte at det i fjar blei brukt 5,5 millionar meir enn planlagt. Dette må takast inn. No ser det betre ut. Prestane kan bli sende

til andre kyrkjer i staden for å kalle inn vikar. Det er helst prestar frå dei indre bygdene som blir sende mot kysten. Det er ikkje lett å styre i dårlege tider, og prosten vil take vare på prestane. Biskopen trur at kyrkja må bli driven for meir innsamla middel i framtida.

Prosten blei også informert om aktivitetar i soknet vårt.

**82/24**

#### **Revidert diakoniplan for Farsund menighet**

Diakon, Astrid M. Nøtland har sendt over utvalet sitt endelige forslag til diakoniplanen for Farsund sokn. Dette er den ferdige utgåva med dei revisjonane som kom fram under diakonvitjinga i MR før sommaren. Planen er omfattande og levande. Mykje av det er alt gjort.

**Vedtak: diakoniplanen blei godkjent.**

**83/24**

#### **Tiltak for auka gjevarteneste**

MR avgjorde i sitt møte 23.09.24. å setje ein ringjeaksjon for auka gjevarteneste på vent, til fordel for å spreie informasjon på interne arrangement. AU har lista opp ulike tiltak/arrangement der det vil vere mogleg å spreie informasjon om gjevartenesta, og sett opp forslag til kven som kan spørjast om å formidle dette. Det er ønskjeleg at dette skjer dei nærmaste månadene.

Tiltak/arr.:	spørjast om å ta ansvar for å formidle informasjon:
Fryd- øving	Johannes M./trusopplæringsutvalet
SIFA super-spesial	Johannes M./trusopplæringsutvalet
SELA-øving	Hilde R./framtidig musikkutval?
Mannsmøte	Arild T.
Tirsdagslunsj på K2	Marit O./diakoniutvalet
Kirkeforening	Marit O./diakoniutvalet
Tweens basar?	Johannes M./trusopplæringsutvalet
Foreldremøte for konfirmantar	Henning H.J.
Gudsteneste/kyrkjekaffi	Henning H.J.

I tillegg til å spreie informasjon på denne måten må det leggjast ut informasjon på dei ulike Facebook-sidene knytte til kyrkjelyden og publisera artiklar på nettsida og i Menighetsbladet. Renate har eit informasjonsskriv som kan oppdaterast. Det må bli forklart kva gjevartenesta er. AU foreslår at det t.d. kan lagast ein film tilpassa sosiale media.

AU ber MR om innspel/idear til andre tiltak eller måtar gjevartenesta kan løftast fram, men det kom ikkje fram nye innspel i møtet.

**84/24**

### **Gudstenesteliste for 2025**

Prestane i Farsund og Lista sokn har gjort ferdig gudstenestelista for 2025. Denne har også vore gjennomgått i gudstenesteutvalet. Henning Huseby Jansen gjennomgjekk lista for MR. Lista var ettersend saman med forslag til takkofferliste, ref. sak 85/24.

Det blir endring den 16/3. Gudstenesta i Frelserens blir flytta til kl. 19 og i Spind til kl. 11 slik at det kan bli dåp der. 30/3 blir det gudsteneste i Frelserens kl. 11. 24/8 blir det bytt tid for gudstenestene i Frelserens og Spind slik at Spind blir kl 11 og Frelserens kl 19.

2.-dags gudstenestene i Herad blir flytta til 1. dag kl. 17 (påskedag og pinsedag), og 2.dags gudstenestene i Spind blir flytta til 1.dag kl 19.

**Vedtak: gudstenestelista for 2025 blei vedteken med dei endringane som kom fram i møtet.**

**85/24**

### **Takkofferliste for 2025**

Forslag til takkofferliste for 2025 er laga av Renate R. og Henning H.J. Denne blei presentert for MR. Lista blei send etter innkallinga. 50 % er internt og 50 % eksternt.

**Vedtak: takkofferlista blei godkjent.**

**86/24**

### **Strategiplan for Farsund menighet**

Komiteen for revidering av kyrkjelyden sin strategiplan er ferdig med sitt arbeid. I tillegg skal Alpha-kurs inn som punkt 2 under C. Dei andre punkta får tilsvarende høgare nummer.

**Vedtak: revidert strategiplan blei godkjent med desse endringane.**

**87/24**

### **Eventuelt.**

- Mandagsskolen i Herad slit. No skal han flyttast til søndagar som det ikkje er gudsteneste.
- Til Fiksedagen laga to menn fem salsboder der barn kan selje ting dei sjølve har vakse frå. Slik kan ting resirkulerast. Dei kan også bake eller lage noko som dei kan selje. Heidi ønskjer å få vite datoен for neste Fiksedagen raskt.
- Nyttårsfesten. Dei som har ordna denne, ønskjer avløysing. Dersom me ikkje finn nokon, blir det ingen fest. Renate skal bli beden om å få dette ut i - Menighetsbladet og sosiale medium der folk blir bedne om å ta kontakt dersom dei kan bidra.
- 19. januar blir det konsert i tillegg til kafé og lotteri til inntekt for soknet. Dette er MRs ansvar. Reidun melde seg med ein gong som friviljug.
- Konserten 30. mars av «Stejdn» er spesiell med ei uvanleg vinkling på påskebodskapen.
- Søndag er det «delegudsteneste» pluss middag og utloddning.

*Randi Lohndal Frestad  
skrivar*